

Saksnr: 2019/59-6  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		25.11.2019

**Oppnemning av representantar til brukarutvalet ved Haraldsplass diakonale sykehus****Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet vert bedd om å foreslå ein representant og ein vararepresentant blant sine medlemmer til Haraldsplass diakonale sykehus sitt brukarutval for pasientar og pårørande for perioden 2020 – 2022.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Haraldsplass diakonale sykehus (HDS) har bedd fylkeseldrerådet i Hordaland foreslå ein -1- representant, samt ein vararepresentant, til sjukehuset sitt brukarutval for pasientar og pårørnde for perioden 2020 – 2022. I møte i fylkeseldrerådet i Hordaland 05.09.19, under PS 63/19, vedtok fylkeseldrerådet i Hordaland å oversende saken til fylkeseldrerådet i Vestland.

Styret ved HDS vil oppnemne medlemar til brukarutvalet på styremøte 09.12.19. Opphavleg svarfrist er 15.11.19, men fylkeseldrerådet i Vestland har fått forlenga svarfrist til 26.11.19.

Retningslinene for brukarutvalet ved HDS ligg vedlagt, saman med invitasjonen. Utfyllande informasjon om brukarutvalet, til dømes mandat, oppgåver og samansetnad, finn ein i retningslinene.

Ved oppnemning, legg særskild merke til at verken representantar eller vararepresentantar kan vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest, og representantar bør som hovudregel ikkje sitte meir enn tre samanhengande periodar (vararepresentantar er unnateke frå sistnemnde). Ein vert og oppmoda til å ta omsyn til at kjønnsfordeling, alderssamansetning, geografi, etnisk minoritet og mindre synlege pasientgrupper vert ivareteke.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedd om å velje ein representant og ein vararepresentant blant sine medlemmer til Haraldsplass diakonale sykehus sitt brukarutval for pasientar og pårørnde for perioden 2020 – 2022, i tråd med vedlagte retningslinjer. Svarfristen er 26.11.19, dagen etter rådsmøtet.